



Osterøy Kommune

Søknad kompensasjon redusert inntekt pga Convid-19

Convid-19 situasjonen har i fylje våre berekningar, hittil medført tapt omsetning på rundt 1,1 mill. på drift av kafe, catering, bar, frisør og forsamlingslokale. Dette tilsvarar ca. 450 000 i tapt inntekt.

Område	Tapt omsetning	Utfyllande dokumentasjon
Generell infomasjon om drifta		Punkt 1 - Rekneskap og budsjett for 2020
Tapt utesermsetning uteservering 01.01.2021-12.04.2021	170 000,00	Punkt 2- Graf over sal uteservering jan-april 2021
Tapt omsetning uteserveing 2020	300 000,00	Punkt 3 - Graf over sal uteserveing 2020
Tapt salg i butikk av cafe og cateringvarer 2020	220 000,00	Punkt 4 - Oversikt tap omsetning kafe-/catering i butikk
Tapt omsetning egne arrangement, utleige mv. 2020	385 000,00	Punkt 5 - Oversikt over bekrekna tap arrangement og utleig
Tapt omsetning frisør vår 2020	40 000,00	Punt 6 - Berekning av tapt omsetning frisørdrift.
Sum berekna tap av omsetning.	1 115 000,00	

Tabell over viser ein summert oversikt over områder der me har tapt omsetning i 2020 og vår 2021. Merk! *Tal er forsiktig berekna og ikkje utfyllande, då redusert aktivitet nemnde områder også påverkar sal av dagligvare mv.*

Drifta ved Mjøsvågen Landhandleri tok til i slutten av august 2018 og det har sidan vært ein jamn auke i omsetning og tilbod til våre kundar. Bedrifta har blitt kjent og innarbeida seg på marknaden år for år. Forsamlingslokale vart godkjent hausten 2019 og vinterisolert i januar 2020. Drifta vart utvida med uteservering i slutten av juni 2020, og tilbod matsservering og antal besøkjande i gjestebrygge og andre tilreisande har auka jamt og trutt i heile perioden.

Me har difor ikkje på alle område tal for samanlikning frå føregåande år. Men me vil på komande sider dokumentere vårt berekna tap av omsetning. Dette har vi gjort ved å dokumentere inntekter, samanstilt periodar med og utan Convid-19 restriksjonar, samt estimere tap av omsetning på dette grunnlag.

Innhold

1. Rekneskap og budsjett for 2020.....	2
2. Tap omsetning via iZettle kasse på uteservering perioden 01.01.21-02.05.21	3
3. Tap salg uteservering perioden 01.01.2020-31.12.2020 som fylje av Convid-19	4
4. Tap omsetning av kafe- og catering varer solgt i butikk	5
5. Tapt omsetning arrangementer, utleige av lokaler mm	6
6. Tapt omsetning Loftet frisør vår 2020.....	6

1. Regnskap og budsjett for 2020


I 2020 vart omsetning på ca 700.000 under budsjett. Slik me ser det var budsjett ei realistisk og forsiktig målsetting, men situasjonen med Convid-19 medførte bortfall av inntekter på kafe, catering, arrangement, uteservering og frisør. Me måtte på hausten 2020 ta inngåande grep på kostnadssida for å sikre drifta og redusere tap. Mellom desse tiltaka var redusert løn til dagleg leder (kostnadsreduksjon ca. kr. 140 000), redusert bemanning og stor eigeninnsats frå eigarar m.fl.

Mjøsvågen Landhandleri AS Regnskap - Budsjett - 2020

Beskrivelse	Resultat 2020	Årsbudsjett 2020	Avvik regnsk-budsjett
Salgsinntekt	5 611 937,00	6 300 000,00	-688 063,00
Annen driftsinntekt	26 495,00		26 495,00
Driftsinntekter	5 638 432,00	6 300 000,00	-661 568,00
			0,00
Varekostnader	-3 960 431,00	-4 410 000,00	449 569,00
Lønnskostnader	-1 255 581,00	-1 260 000,00	4 419,00
Avskrivninger	-38 785,00	-30 000,00	-8 785,00
Andre driftskostnader	-412 409,00	-500 000,06	87 591,06
Sum Driftskostnader	-5 667 206,00	-6 200 000,06	532 794,06
			0,00
Driftsresultat	-28 774,00	99 999,94	-128 773,94
			0,00
Annen renteinntekt	8,00	0,00	8,00
Annen finansinntekt	394,00	-15 696,00	16 090,00
Annen rentekostnad	-16 796,00		-16 796,00
Annen finanskostnad	-26,00		-26,00
Ordinært resultat	-45 194,00	84 302,94	-129 496,94

I oppstartsåret 2018 vart resultat eit underskot på – kr. 208 588, medan 2019 hadde eit overskot på kr. 108 750. Me hadde difor vona og budsjetttert med overskot også i 2020 for å dekke inn tidlegare tap og behov for investeringar for å utvikle drifta.

2. Tap omsetning via iZettle kasse på uteservering perioden 01.01.21-01.05.21



Tabell over viser omsetning på uteservering i perioden 01.01.2021-01.05.2021, og me kan tydelig sjå korleis Convid-19 situasjonen har påverka omsetninga.

I januar, februar og ikkje minst perioden 25.03-12.04.21 som inkluderte både palmehelga og påskehelga, var det skjenkestopp.


Palme - / påskehelga er å rekna for sesongopning for oss. Både båthamn og ute-servering er godt besøk spesielt på dagar med godt vær slik me og hadde i påskehelga.

Som de ser av graf over er det kraftig auke i omsetning helga etter påske, då det igjen var tillate med servering av alkohol. Same værforhold denne helga og påfølgjende helger som i påske.

Merk! Graf over viser kun omsetningstall for uteservering av mat, alkohol og annen drikke solgt via eget kassesystem.

Ut frå nemnde tal reknar me med at tapt omsetjing i palme- og påskehelg aleine beløp seg til ca. 150.000 og me har estimert tap for tidlegare månader til totalt 20.000 basert på inntekt dei helgene servering var tillate, sum tapt omsetning uteservering 2021 kr. 170 000,00.

3. Tap salg uteservering perioden 01.01.2020-31.12.2020



Graf over viser omsetning gjennom kassa på uteservering 2020: kr. 484 585.

Tal for omsetning uteservering 2019 kan ikkje direkte samanliknast med tal for 2020. Servering av alkohol tok til i månedsskifte juni/juli 2019. Uteservering opna i slutten av juni 2019, og omsetning uteservering i perioden juli-desember 2019 var kr. 277 881.

Convid-19 epidemien gjorde at vi mista største del av omsetning frå 12. mars 2020 til midten av mai 2020, inkludert påske, 1 og 17 mai. Samanliknar me med tal for omsetning slutten av april 2021, vil me anslå at denne periode med har hat ein svikt i omsetning på over kr. 200 000 p.g.a. Convid-19.

Vidare hadde me rekna med ein vekst i omsetning frå 2019 til 2020 på uteservering på 20 – 30 % i høgsesong som også utevart, samt at me måtte redusere kapasitet antal stoler og bord med 20 % p.g.a. reglar om avstand. Mer reknar med at også desse to faktorar har medført svikt i omsetning på over kr. 100 000.

Me beregner dermed totalt tap av omsetning på uteservering i 2020 til over kr. 300 000.

4. Tap omsetning av kafe- og catering varer solgt i butikk

Kafe og cateringvarer selges også via kassesystem inne i butikk.

Vare	2020	2019	
Boller	142 658	174 740	32 082
Kake	2 438	10 564	8 127
Påsmurt	43 916	95 421	51 505
Rundstykker	27 121	29 318	2 198
Sum nedgang i salg frå 2020 til 2019	216 132	310 044	93 911
Forventa auke i salg fra 2019 - 20 %			62 009
Sum av tallfesta nedgang, og berekna nedgang i omsetning			155 920

Vare	2020	Merknad	
Pizza	133 410	Ny pizzaovn juni 2020	26 682
Softis	110 723	Ny artikkel 2020	22 145
Kaffe / Kaffemaskin	51 674	Ny kaffemaskin 2020	10 335
Sum forventa omsetning utan Covid-19			59 161

Første tabell over viser endring i dei mest selde kafé- og cateringvarer frå 2019-2020. For daglegvarer har det vært ein auke på godt over 20 % frå 2019 til 2020, og me meiar at utan Covid-19 situasjonen hadde me hatt tilsvarande eller høgare vekst også på kafé- og cateringvarer i butikk. Dette var også eit av områda som det i 2020 skulle satsast på å vidareutvikla, men der det i staden vart periodar med liten og ingen aktivitet p.g.a. Covid-19.

Spesielt kan nemnast at marknad for levering av møtemat falt heilt bort, og at kafé bord i butikk ikkje har kunna nytast p.g.a. avstandsreglar.

For varer i nederste tabell har me ikkje samanlikningstal for 2019, men me må forventa at me i ein normal situasjon hadde hatt større omsetning i 2020.

Summerer me dei to tabellane får me eit berekna svikt i omsetning på sal i butikk av kafé- og cateringvarer på ca. kr. 220 000.

I tillegg kjem nedgang i sal av drikkevarer som brus, juice og liknande. Med ein nedgang i besøkjande butikk og kafé har sjølvsagt og så ført til betydelig nedgang av sal av drikkevarer, då dei fleste som kjøper kafé varer også kjøper drikke til, anten dei vel å ta produktet med seg eller eta hjå oss. Dette tap av omsetning er ikkje teke med i berekning.

5 - Tapt omsetning arrangement, utleige av lokale m.m.

I 2019 var arrangement ei god inntektskjelde for oss, både bryggedans, konserter, pubkvelder og andre kulturarrangement som barnas dag m.v. I henhold til våre planar skulle me freista å ha eigne arrangement med jamne mellomrom i heil 2020. Vidare fekk me også rusta opp forsamlingslokale Loftet som var ferdig vinterisolert i årsskifte 2019/2020. Det er vanskelig å estimere bortfall av denne type inntekter då mykje falt bort allereie i planleggingsfasen, men me under har me gitt nokre eksempel.

Arrangement avlyst eller nedskalert, eksempel:	2020	2019	Redusert inntekt
Konsert Steinar Hjelbrekke mai 2019, avlyst tilsvarande arr mai 2020	17 100	0	17 100
Bryggedans - nedskalert fra 2019 - 2020 pga Convid 19	56 500	176 700	120 200
Konsert Tone Hullbekkmo (Solg 15 billetter a 200)	3 000		
- Normalt salg 50 billetter a 200=10.000 + mat/ drikke 3000=13.000			12 000
Sum berekna svikt i omsetning på tre arrangementa			149300
Øvrige arrangement som ikkje kunne gjennomførast			Beregna tapt inntekt
6 pubkvelder (omsetning 10 000 pr kveld)			60 000
Utleige av lokale 2020: 8 * 2000			16 000
Sommerfester / julebord firma o.l (4 * 15 000)			60 000
Leige av lokale med servering (møter / begravelser / lunsj grupper)			30 000
Barnas dag, sommermarked			20 000
Utekonserter med lokale band 2 stk			50 000
			236 000

Som de ser over så kan eit stort arrangement som ein bryggedans gje så mykje som kr, 180 000 i omsetning på ein kveld, alkoholfrie arrangement noko mindre, men dette også gode inntektskjelder og god marknadsføring for bedrifta.

Convid-19 situasjon har medførte at all planegging og gjennomføring av arrangement måtte stoppe opp pga. den usikre situasjonen, og me meiner estimert bortfall av omsetning på totalt kr. 385 000 er realistisk.

6. Tapt omsetning Loftet frisør vår 2020

I perioden medio mars til medio mai 2020, var det ikkje tillate å halde ope frisørdrift. Total omsetning frisør i perioden januar – juni 2020 var kr. 116 330,

To månader tapt omsetning vil då tilsvara ca. kr. 40 000.

Convid-19 har medført tapt inntekt for bedrifta som rettar seg mot segment som har vært spesielt råka av pandemien. Det stagnerte naudsynt utvikling og vekst i bedrifta i 2020, og påverkar sjølvsagt også drift og utvikling for inneverande år.

Tapt i omsetning på over 1,1 mill. og dermed tapt inntekt på rundt 450 000 gjev stort utslag for ei bedrift av vår størrelse. Me satsar friskt vidare, men å få dekke inn noko av den tapte inntekta vil vera av stor økonomisk betyding og påverke vidare utvikling av bedrift. Me voner difor de vil sjå positivt på vår søknad.

Skulle de trenge utfyllande informasjon, er det berre å ta kontakt med underteikna.

Hosanger 16.05.2021
For Trond Lillejord, daglig leiar

Randi Nordås, Styreleiar
Mob 414 59 188
Mail Randi@5252Hosanger.no